



Ståle Eik i toppen av Grano under pyntinga tidlegare i år.

Pyntegruppa legg kvart år ned eit stort arbeid, for at den stolte julegrana vår skal framstå så vakker som mogeleg. Såleis var Ståle Eik og Knut Stensletten i aksjon i laurdag føremiddag for å sikra at det er lys i alle pærer, og at alle lekkjene er så rette som mogeleg, og at dei er fint fordelte rundt grana.

- Denne gongen var det brot i ei lekkje slik at nokre pærer hadde dotte ut, fortalde dei to i det dei var i ferd med å slutta av arbeidet for denne gong. Dei hadde og skifta ut nokre andre pærer i tillegg til at det hadde retta og strekt i lekkjene som hadde vorte herja med i vinden.

Dei fortel at Knut saman med Lars Myklebust dette året har laga 2 nye lekkjer, slik at dei no har 3 reservelekkjer som er klar til å skiftast inn dersom det vert brot i lekkjene som er på treet.

- Det er i år investert ca. 5000 kr i lysutstyret til grana, men likevel har vi att nokre tusen på konto etter innsamlinga for nokre år sidan, fortel Knut, og han legg til at dei er svært takksame for at Byggeriet Uskedal Trelastlager har sponsa med vaier til dei nye lekkjene.

Vi er takksame for den store innsatsen pyntegruppa legg ned for at vi skal ha den finaste julegrana i mange mils omkrins i bygda.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Ola Matti Mathisen